

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

04.12.2014

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemmane av
Kontrollutvalet

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet.

**torsdag, den 11. desember 2014 kl. 14.30
i Formannskapssalen**

SAKLISTE:

- Sak 33/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 13. november 2014
« 34/14 - Støyskjerm Tregardane
« 35/14 - Saksbehandling ved koordinerande eining for habilitering og rehabilitering m.v.
« 36/14 - Forvaltningsrevisjonsrapport om forvaltning, kapasitet og samarbeid innan legetenestene i Sykkylven kommune (Blir ettersendt)
« 37/14 - Drøfting av mulig oppdrag basert på innkomne dokument vedkomande personalkonflikt i Sykkylven kommune
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harlald.rogne@sksiks.no

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 13. november 2014, kl.14.30

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol i sak 29/14 og 30/14, rådmann May Helen Molvær Grimstad og økonomisjef Arild Bergstrøm møtte i sak 27/14, 29/14 og 30/14 og einingsleiar Bjarte Hovland møtte i sak 30/14

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 27/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. SEPTEMBER 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 25. september 2014 blir godkjent.

SAK 28/14

**EVALUERING AV ARBEIDET TIL NO I UTVALET OG TANKAR FOR ARBEIDET UT
VALPERIODEN, EVENTUELT NYE SAKER – VIDARE DRØFTING FRÅ FØRRE MØTE
(SAK 25/14)**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.11.2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og vurderer vidare:

Oppfølging av politiske vedtak, anbod og rammeavtalar for entreprenørar og sjukefråvær.

SAK 29/14

**ORIENTERING OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I SYKKYLVEN KOMMUNE FOR
BUDSJETTÅRET 2014 – JF. SAK 26/14 – ØKONOMIRAPPORT PR. 2. TERTIAL 2014**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.11.2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet er sterkt bekymra over den økonomiske utviklinga der det akkumulerte underskotet no har kome opp i om lag 50,6 mill. kroner.

SAK 30/14

**ORIENTERING OM UTVIKLINGA I OVERSKRIDINGANE FOR STØYSKJERM
TREGARDANE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.11.2014. Orientering gitt av einingsleiar Hovland.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering, men vil kome tilbake til saka i neste møte med eit vedtak.

SAK 31/14

ENGSJEMENTSBREV FRÅ REVISOR

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.11.2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 32/14

ORIENTERING OM SAKER UNDER ARBEID

(Saka kom opp under eventuelt)

Leiar orienterte om forvaltningsrevisjonsrapporten innan legetenestene og to andre saker innan personal og opplæring.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 03.12.2014

SAK 34/14
STØYSKJERM TREGARDANE

I kontrollutvalet sitt møte 13. november 2014, sak 30/14 – orientering om overskridingar for Støyskjem Tregardane, ga einingsleiar Bjarte Hovland ei orientering. Einingsleiar orienterte innleiingsvis om at han i dei deler av saka som var av privatrettsleg karakter, so hadde han vore inhabil utifrå familietilhøve til ein av tomteeigarane. I det vidare vart det gjeve slik orientering:

Ved fastsetting av endeleg tomtepris for tomtene i Tregardane, vart det i 1994 i tomtekostnader inkludert oppføring av støyskjem. Kostnadane med støyskjermen var då stipulert til ca kr 360.000.

I 2009 vart ein stipulert kostnad utifrå dette på kr 500.000 medteke i budsjettforslaget. Storleiken på støyskjermen var då estimert til ca 200 kvadratmeter. Misnøye med framdrift / realisering av skjermen førte til at bebuarar gjekk til rettsak mot kommunen og kommunen vart forplikta til å etablere støyskjermen innan 1. september 2012. Nærare prosjektering i 2012/2013 viste behov for ein støyskjermen som no måtte vere på 408 kvadratmeter. Dette var omlag det dobbelte av det som var lagt til grunn tidlegare. Også prosjekteringskostnadane auka, m.a. utifrå nye krav til plasseringa og utførte støyberekningar. Lågaste tilbydar i 2013 var på om lag 1.4 millionar kroner, sjå saksprotokoll frå kommunestyret 27.05.2013.

Av kommunestyresak 26/13 går det fram at det i prosjekteringa hadde blitt gjort ein berekningsfeil slik at prisen på støyskjermen gjekk opp frå 1.371.100 til 1.902.272 kroner, beløpa er eksklusiv meirverdiavgift. Bakgrunnen for denne kostnadsauken var endra materialval og løysingar, meir krevjande armering og kraftigare fundament samt graving. Kostnadsramma auka utover dette med 300.000 kroner. I eit formannskapsvedtak etter § 13 (hasteparagrafen) vart kostnadsramma auka frå 2.300.000 kroner til 2.600.000 kroner.

I k-sak 54/14 i møte 17.06.2014 vart prosjektramma for støyskjermen auka med ytterlegare 750.000 kroner og byggekostnadane har no kome opp i 4,3 mill. kroner inklusiv byggelånsrenter og prosjekteringsutgifter.

Einingsleiar Hovland oppsummert med at den første stipulerte kostnaden frå 90-talet nok var basert på eit heilt anna prosjekt enn det som seinare vart å oppføre. Han nemnte spesielt at

endra plassering og nye støyberegningar ga eit utvida prosjekt, d.v.s både høgare konsulentrekningar og høgare byggekostnader. Avslutningsvis slo han fast at planlegging og prosjekteringsarbeidet har vore for dårleg, men at gjennomføringa også vart prega av at ein hadde ein tingrettsdom å ta omsyn til, jf. fsk-sak 46/13 av 26.08.2013.

Generelt om kostnadsberekning

Kostnadsoverslag blir ofte utarbeidd i fleire fasar. Ein forstudie tek sikte på å framskaffe ein grov oversikt over dei kostnadane som investeringa vil føre med seg. Feilmarginane her er relativt store +/- 30.

Kostnadsanslag

I denne fasen er det nødvendig å gå meir i detalj. Ein må orientere seg direkte i marknaden og innhente prisar på anleggsmateriell og entreprisar. Feilmarginane i denne fasen kan ligge innanfor +/- 10% - 20%. Kalkylene må vere litt detaljerte.

Kostnadsoverslag basert på mottekne anbod

Kostnadsoverslag blir brukt til bl.a. styring av arbeidet med hovud- og detaljprosjekt og som beslutningsunderlag for igangsetting av prosjektet. Her krevst det større ressursar til kalkyler enn det som har blitt nemnt ovanfor. Det er vanleg å godta feilmargar på +/- 5-15% avhengig av om det er hovudprosjekt eller detaljprosjekt. Det må heile tida vere samsvar mellom prosjektplanar og kalkylar og skjer det endringar i planane med økonomiske konsekvensar, so må kalkylene justerast. I tillegg til kostnadsoverslaget må det utarbeidast og vedtakast ein finansieringsplan som styrer budsjetteringa i investeringsbudsjetta for dei åra byggearbeidet pågår. Finansieringsplanen viser spesifisert låneopptak, bruk av egne midlar og pårekna tilskot. Når prosjektet skal startast opp, må det utarbeidast ein kontoplan som samsvarar fullt ut med kostnadsoverslaget. Under den daglege prosjektstyringa kan ein då følgje utviklinga direkte mot kostnadsoverslaget. Fokus vil enkelt kunne bli dirigert mot dei områda der overskridingar eller innsparingar skjer.

For å kunne gjere greie for dei ulike kostnadane i investeringsprosjektet, vil det vere nødvendig å ha ein tilstrekkeleg spesifisert kontoplan. Spesifikasjonen skal gjere det mulig å skilje ut dei einskilde kostnadselementa slik at årsaka til avvika i forhold til kostnadsoverslaget kan bli identifisert. Viktige komponentar her er:

Tilleggsarbeid som følgje av volumendringar

I kontraktar vedkomande bygge- og anleggsarbeid er det vanleg å arbeide etter stykkprisar på arbeidsoperasjonar med kalkulerte massar. Byggherren betalar for utført arbeid etter godkjent måling. Dersom faktiske massar har avvik frå kalkulerte massar, vil dette medføre meir- eller mindreutgifter.

Andre tilleggsarbeid

Ved inngåing av kontrakt kan det vere vanskeleg å få med alle arbeidsoperasjonane som inngår i oppdraget. Nesten utan unntak oppstår det uforutsett arbeid som ikkje blir dekt av kontrakten. Godtgjering for slike ekstraarbeid vil kome i tillegg til kontrakten.

Prisstigning

I kontraktar er det vanleg å ta med bestemmelsar om prisregulering dersom det skjer endringar i prisnivået.

Overskridinga

Kor vesentleg ei overskriding er, må vurderast ut i frå korvidt eit anna vedtak ville ha blitt gjort dersom overskridinga hadde vore kjent på det tidspunktet vedtaket vart gjort. Overskridinga er vesentleg dersom prosjektet hadde blitt redusert eller utsett dersom dei auka kostnadane hadde vore kjent d.v.s. at vedtaka hadde blitt eit anna enn det som er fatta. I dette byggeprosjektet har overskridingane vore ekstraordinære. Kommunen har ikkje hatt gode nok rutinar for kalkulasjon og saksbehandling i denne byggesaka.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet stiller seg kritisk til prosjektstyringa av Støyskjerm Tregardane.
2. Kontrollutvalet føreset at rutinar for kvalitetssikring av planlegging og prosjektering i byggesaker blir gjennomgått og betra.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 03.12.2014

**SAK 35/14
SAKSBEHANDLING VED KOORDINERANDE EINING FOR HABILITERING
OG REHABILITERING M.V.**

Som vedlegg følger:

- Notat frå advokat Kjetil Kvammen datert 15.09.2014
- Høyringsvar frå rådmannen datert 03.10.2014

1. Innleiing, faktisk bakgrunn

Eit barn vart råka av sjukdom og fekk hausten 2013 diagnosen **[REDAKERT]**. Den 03.11.2013 vende barnet si mor seg til den kommunale barnehagen og ba om iverksetjing av tiltak slik at barnet kunne få den hjelpa som var stadfesta som nødvendig og som kommunen hadde plikt på seg til å yte.

Mor fekk ikkje svar på henvendelsen.

Barnehagen hadde formidla brukaren si bekymringsmelding til rådmannen. Rådmannen sitt kontor sende den 13.11.2013 eit generelt, internt svar tilbake til barnehagen. Svaret gjekk ut på frigjering av nærare avgrensa stillingsressursar for resten av 2013, dvs. i ein og ein halv månad.

I ei erklæring datert 14.11.2013 frå den statlege spesialisthelsetenesta vart det presisert at det er «viktig at han får 100 % assistent».

Korkje barnehagen eller rådmannen sitt kontor ga informasjon eller rettleiing til mor kva vedkom hennar sak. Likevel klagar ho i brev av 20.11.2013, men kommunen svara henne heller ikkje på denne klagen.

Etter at det var gått ca. tre nye månader sendte mor ei ny påminning til kommunen. Dette skjedde ved brev datert 13.02.2014. Først ca. to veker deretter, den 25.02.2014 sendte rådmannen sitt kontor eit brev i saka, men ikkje til mor. Brevet vart sendt til barnehagen.

Dette sistnemnde brevet omhandlar igjen generell styrking av ressursar i barnehagane våren 2014 og Ullavik barnehage er nemnd mellom desse. Det vart opplyst at born med føresette kan gjere seg til partar i saka og dermed oppnå at det vert gjort enkeltvedtak. Ein forstår dette slik at koordinerande eining meiner at brukarane i motsett fall ikkje har like god rettsstilling.

Rådmannen sitt kontor ga inga rettleiing til mor og hennar sak vart heller ikkje, etter det ho kunne forstå, teke under særskild behandling som ei enkeltsak.

Mora tok kontakt med Pasient- og brukarombodet og etter rettleiing derifrå kravde ho sjølv den 16.02.2014 ein såkalla individuell plan for sonen.

Same dagen som søknaden vart mottatt gjorde rådmannen sitt kontor vedtak om individuell plan og underretta mor med melding om at ho sjølv måtte utarbeide planen. Som koordinator vart oppnemnd helsesøster.

Rådmannen sitt kontor ga mor i denne samanheng informasjon om tilhøvet til klageretten hennar, men ingen vidare opplysningar om individuell plan. Slik plan har den aktuelle brukaren krav på etter lova, jfr. pasient- og brukarrettighetsloven § 2-5.

Mor søkte om ergoterapeut og rådmannen sitt kontor innvilga den 12.03.2014 søknaden med inntil 20 timar.

Den 14.03.2014 vende mor seg til PPT med ein grunngeven søknad om utgreiing og 100 % assistent til sonen for det komande skuleåret. Heller ikkje denne henvendinga vart svart på, bortsett frå ei kort melding om inntak ved PP-kontoret.

Etter dette retta mor den 07.05.2014 ei ny, utfyllande oppmoding til rektor ved ██████ skule. Rektor viste då til rådmannen og rådmannen viste til formannskapet. I følgje mor vart ho av rektor åtvارا mot å koble inn fylkesmannen fordi rådmannen då kunne bli «irritert» og at dette kunne forseinke saka.

2. Juridiske vurderingar av kommunen si saksbehandling

Advokat Kjetil Kvammen har i notat av 15.09.2014 vurdert kommunen si saksbehandling, særleg i forhold til brukaren av dei kommunale tenestene. I sine vurderingar kjem han m.a. inn på forvaltningsorgana si plikt til å svare private innan rimeleg tid og gi svar med tilstrekkeleg utdjupande og relevant innhald til borgarane/brukarane av tenestene.

Det blir særleg framheva at rådmannen sitt kontor har unnlatt å svare ein personleg søkjar og i staden teke opp saka som ei generell, organintern sak om ressursdisponering. Samtidig med at kommunen unnlott å treffe enkeltvedtak overfor brukaren vart ho meddelt at ho heller ikkje hadde klagerett. Rådmannen sitt kontor hadde endåtil avklara dette generelle spørsmålet med fylkesmannen.

I høve til vedtaket om individuell plan er klagerettleiinga til brukaren etter advokaten si meining så uklar og lite informativ at den snarare inneber at den private parten kan ha blitt villeia av dei uklare formuleringane, jfr. også det omfattande standardskrivet om lov- og forskriftsheimlar for klage m.v. som vart sendt til henne.

Reglane er slik at det kan klagast til fylkesmannen på manglande oppfylling av den lovfesta retten til individuell plan, men dette vart ikkje brukaren informert om på tydeleg måte.

Advokat Kjetil Kvammen viser vidare til forvaltningslova sine reglar om «alminnelig veiledningsplikt» som alle forvaltningsorgan har «innenfor sitt sakområde». Hans syn er at koordinerende eining i kommunen kan ha brote desse reglane. Det same gjeld regelverket som følgjer av forvaltningslova § 11a om at ei sak skal førebuast og avgjerast utan ugrunna opphald.

Ved sida av dette har organa innanfor sine sakområde ei sjølvstendig utgreiings- og informasjonsplikt som advokaten ikkje finn tilfredsstillande handtert i denne saka i høve til kravet i lova.

Det ser ut for at Sykkylven kommune manglar rutinar for oversending av saker mellom etatar. Koordinerende eining skal m.a. koordinere og dette er også presisert i forskriften av 2011, § 5, nemleg ved at «Den kommunale helse- og omsorgstjenesten skal ved behov samarbeide med andre etatar.»

Å unnlate dette kan vere i strid med god saksbehandlingsskikk og ikkje i samsvar med intensjonen i samhandlingsreforma.

Kommunen kunne ikkje overlate til den private brukaren å utarbeide sin eigen individuelle plan for den mindreårige sonen. I ein tidleg fase var det gjort oppmerksom på at sonen var ein brukar som hadde store behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester. Dette var delvis også dokumentert. Rettane og pliktene som følgjer av dette synest ikkje kommunen å ha oppfatta med tilstrekkeleg alvor før etter relativt lang tid.

Det vil ikkje vere særlege innvendingar mot kommunen sitt arbeid med fordeling av ressursane mellom barnehagane. Kontrollutvalet ønskjer imidlertid å vurdere denne saka utifrå brukaren sin ståstad. Det som då er sentralt er kva hjelp nettopp dette sjuke barnet ville ha krav på å få. Desse spørsmåla kan kommunen vanskeleg seiast å ha handtert tilfredsstillande i høve til denne konkrete brukaren. Brukaren har t.d. eit rettskrav på individuell plan og det er kommunen si oppgåve å sørge for at planen blir oppdatert og etterlevd. Nærare om dette kan det visast til forskrifta om habilitering og rehabilitering, individuell plan IP og koordinator, vedtatt 16.12.2011 der kommunen er pålagt eit tydeleg ansvar.

3. Uttale frå saksbehandlar ved rådmannen sitt kontor

Saka vart oversend til rådmannen for uttale i medhald av kommunelova § 77 nr. 6. Svar er mottatt i brev av 03.10.2014. Ein refererer her hovudpunkta:

I svaret/uttalen blir det opplyst at barnehagen tok kontakt med rådmannskontoret 24.10.2013 og at grunngjevinga då var behov for ekstra hjelp på grunn av «sjukdom».. Det vart oppnemnd koordinator 25.11.2013. Koordinerende eining opplyser å ha deltatt på møta i ansvarsgruppa.

Det vert opplyst at siktemålet har vore å etablere «eit fagleg forsvarleg tilbod i barnehagen og seinare på skulen/SFO». Behov og løysingar vart etter det opplyste fagleg vurdert.

I følgje koordinerende eining er det «helseføretaket eller andre helsepersonell» som har «plikt til å melde ei sak som dei meina at koordinerende eining bør inn i».

Det blir hevda at barnehagen har gjort ein god innsats for koordinering av hjelpebehovet for den aktuelle familien.

Når det gjeld individuell plan, søknader m.v. så har koordinerande eining «ei rettleiingsplikt». Slik informasjon har vorte gitt. Muleg misnøye kunne familien ha tatt opp «på komande ansvarsgruppemøte den 16.10.14 for å få avklart vidare behov».

Når det gjeld saksbehandlings-prosedyrer blir det vist til vedlagde rutinar for saksgang, samt informasjonsbrosjyre.

Koordinerande eining i kommunen er usamd i at intensjonane i samhandlingsreforma er brotne. Ein vil imidlertid rette på framtidig informasjon til brukarane om individuell plan.

Det vert gitt utfyllande opplysningar om søknaden om ergoterapiteneste. Etaten opplyser elles at dokumentasjon av møtereferat, vedtak og meldingar i individuell plan m.v. evt. kan leggst fram.

4. Konklusjon og framlegg til vedtak

Saka gjeld ikkje vurdering av det materielle innhaldet i tenestene til brukaren. Ein har for eksempel ikkje gått inn i individuell plan. Det blir sett fokus på saksbehandlinga.

I høve til den private brukaren av habiliterings- og rehabiliteringstenester har Sykkylven kommune etter det ein kan konstatere ikkje overhalde gjeldande krav for forsvarleg saksbehandling. Dei aktuelle administrative organa i kommunen er alle underlagt forvaltningslova og kravet til forsvarleg saksbehandling, jfr. forvaltningslova § 1.

Etaten har vore kjend med den vanskelege situasjonen og behova, men har ikkje prioritert å ivareta omsynet til løpande og korrekt behandling av, herunder med informasjon til, den private parten.

Det synest som om mykje er gjort på generelt internt kommunalt nivå i høve å få det beste ut av ressurstilgangen, men handteringa overfor den private parten har vore svak.

Med dette meinast at tenestene som skal tilbydast og ytast ikkje synest å vere formidla utfrå eit brukarperspektiv, slik forskriften av 2011 § 1 skal sikre. Manglande formell oppfølging overfor ein brukar som har det vanskeleg er også hovudinnvendinga i klagemålet frå parten.

Koordinerande eining i kommunen synest å fråskrive seg ansvaret for individuell plan der behova for slik plan er tydelege i høve til brukaren i kommunen. Denne haldninga er noko overraskande. Etter §18 i forskrifta av 2011 har helse- og omsorgstenesta i kommunen ei sjølvstendig plikt til å sørge for at slik plan blir utarbeidd for brukarar «med behov for langvarige og koordinerte tjenester, jfr. helse- og omsorgstenesteloven § 7-1.»

Det som vidare går fram av forskriften er at koordinerande eining, som skal ivareta Sykkylven kommune sitt ansvar for habilitering og rehabilitering, jf. forskrifta §§ 5 og 6, «har det overordnede ansvaret for individuell plan..».

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

1. I høve brukaren sine meldingar og dokumentasjon av klare behov for hjelp har kommunen oversett den private parten og konsentrert seg om generell behandling av m.a. ressursituasjonen ved barnehagane.
2. Sykkylven kommune har brote reglane for god saksbehandlingsskikk og reglane i m.a. forvaltningslova §§ 11, 17 og 18 som pålegg forvaltningsorgana svarplikt, utgreiingsplikt og opplysningsplikt i saker som private tar opp innafor deira ansvarsområde.
3. Ansvar for å oppfylle det lovpålagde kravet om at helsetenesta skal utarbeide individuell plan kan ikkje påleggast brukaren. Kommunen har allereie gitt signal om at dette vil bli retta på.
4. Saka blir å sende kommunestyret til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

memo


Til: Kontrollutvalget i: Sykkylven kommune
v/Kontrollutvalgssekretariat: SKS IKS
Att.: Daglig leder Harald Rogne

Fra: Adv. Kjetil Kvammen MNA, juridisk rådgiver

Dato: 15.09.2014

Re / sak: **Sak 22/14**
Individuell plan og koordinator – klage på kommunal saksbehandling

1. Saksforhold, partens kontakt med kommunen

Gutt, født 2008, ble syk og fikk høsten 2013 diagnosen  som medfører et stort hjelpebehov. I erklæring av 14.11.2013 har Helse Sunnmøre HF fremhevet som «viktig at han får 100 % assistent....».

Utfra ovennevnte, samt det som må oppfattes som akutte omsorgsbehov, henvendte barnets mor seg den 03.11.2013 til Ullavik kommunale barnehage med krav om tiltak. Som svar på henvendelsen ga rådmannen den 13.11.2013 et generelt svar til barnehagen. Svaret omhandlet fordeling av personelle ressurser barnehagene imellom resten av året 2013, der Ullavik fikk økt en stillingsressurs med 40 %, av det rådmannen betegnet som «friske midlar». Ellers skulle 20 % hentes ved «omdisponering» av ressurser som allerede var tildelt barnehagen, i alt 60 %.

Rådmannen presiserte at dette vedtaket ikke var et enkeltvedtak etter fvl. og at det ikke kunne påklages.

Det ble ikke sendt svar til barnets mor. Rådmannen ga ingen opplysninger om rettigheter og fremgangsmåte for henne, jfr. forvaltningsorganets utrednings- og informasjonsplikt fvl. § 17.

Klage i brev av 20.11.2013 fra mor til kommunen ble ikke besvart. Nærmere tre måneder senere, ved brev av 13.02.2014, sendte hun ny påminning til Sykkylven kommune. Etter nye 14 dager, den 25.02.2014 sendte rådmannen svar til barnehagen og ikke til mor.

Svaret er generelt og dreier seg om såkalt «Styrkingsressurs» til barnehagene, deriblant Ullavik våren 2014. Det opplyses at «styrking» ikke er en ressurs myntet på enkeltbarn. «Det er andre ordningar innanfor kommunen der barn/føresette kan søke om enkeltvedtak og med det verte part i saka», skriver rådmannen, men uten å gi nærmere opplysninger eller henvisninger av noe slag.

På bakgrunn av kontakt med **Pasient- og brukerombudet** (jfr. pasient- og brukerrettsloven av 1999, § 8-3) søkte mor den 16.02.2014 om oppretting av individuell plan for sønnen. Vedtaket om **individuell plan** ble truffet umiddelbart, dvs. samme dag, hos rådmannen og sendt til barnets mor. Det forutsettes der at mor skal «ta ny kontakt» dersom hun trenger «hjelp i utarbeidinga av planen». Det er oppnevnt en koordinator som er helsesøster.

Det er ikke gitt noen videre opplysninger om individuell plan. Opplysninger om **klagerett** er derimot viet stor plass. Det er gitt utførlig rede for lov- og forskriftshjemler for klage, hvem klagen skal sendes til, at den ikke kan gjelde koordinator, at klagen skal være skriftlig osv. Det heter til slutt i redegjørelsen om «Klage»:

«I tillegg gjeld forvaltningslova sine avgjersle i forhold til, utredningsplikten, dokumentasjonskrav, tenestemottakaren sin rett til å få informasjon og å uttale seg og habilitetsreglane».

Undertegnede finner at sistnevnte opplysninger er egnet til å villeden den private part, snarere enn å gi informasjon. «Utredningsplikten» og «dokumentasjonskrav» er f.eks. ikke forklart på noen måte og den går heller ikke frem av sammenhengen eller enkeltvedtaket.

Etter særskilt søknad innvilget rådmannen den 12.03.2014 inntil 20 timer ergoterapeut.

Ved brev av 14.03.2014 søkte mor til Pedagogisk Psykologisk kontor PPT om utredning og påny om 100 % assistent for det kommende skoleåret 2014 – 2015, under henvisning til opplæringslova, samhandlingsreformen og bl.a. ny medisinsk dokumentasjon. Hun skriver bl.a. at p.g.a. «at det er kort tid til skuleåret startar, ber eg om eit raskt vedtak i saka». Hun ber samtidig om at guttens «ergoterapeut og evt også fysioterapeut får ta del i eller kome med innspel i det vidare arbeidet».

Kommunen besvarte ikke brevet utover en kort «Melding om inntak ved PP-kontoret», datert 25.03.2014.

Dette førte til ny, utførlig henvendelse i brev av 07.05.2014 til rektor ved Ullavik skule.

2. Klagerens merknader

Hennes beskrivelse etterlater inntrykk av en situasjon med stor påkjenning for barn og foreldre p.g.a. sykdomstilstanden og behovet for å gjøre noe. Det fremgår at belastningen har økt som følge av en klart uttalt motvilje fra kommunalsjefen. Med klage på sin første henvendelse må en

forvente at «kommunen gjer ei meir grundig fagleg vurdering, og koplar inn naudsynte instansar».

Det kom aldri svar på søknaden, datert 20.11.2013, der hun påny fremsatte krav om 100 % assistent.

Svar på hennes klage kom den 25.02.2013 «til barnehagen, ikkje til meg...». Hun mener at svaret er forfeilet idet «Eg har aldri søkt om styrking til barnehagen...»

Reglene omkring individuelle plan, IP, ble aldri opplyst fra kommunens side eller at IP var nødvendig og dessuten et verktøy som kommunen plikter å rette seg etter.

Tidligere søknader måtte sendes til PPT-tenesta i Sykkylven da de tidligere søknadene som hun hadde sendt til kommunen «aldri hadde kome dit».

PPT opplyste at kommunen «hadde... eit hol i tenesteytinga» i denne saken. Det ble nevnt at flere brukere med andre diagnoser var rammet på samme måte. Klageren er betenkt over dette.

Spørsmålet om ergoterapeut var «også ein lengre kamp med kommunen og Koordinerande eining». Det var vanskelig å få formelt svar. Vedtaket kom «etter svært sterkt påtrykk frå meg som mor».

Rektor av slo å gjøre noe vedtak før rådmannen hadde akseptert det og rådmannen viste til formannskapet den 26.05.2014.

Rektor advarte henne mot å koble inn fylkesmannen fordi rådmannen kunne bli «irritert» og at dette ville forsinke saken.

3. Rådmannens uttalelse

Rådmannens underordnede har i anledning brev av 19.05.2014 fra kontrollutvalgssekretariatet satt opp et notat av samme dato til Eldrid Suorza som fra 07.04.2014 var konstituert rådmann.

I notatet fra «rådgivevar barnehage» forklares saksgangen internt mellom barnehagen og kommunen og det gjøres rede for fordelingsproblematikk omkring **barnehagens ressurser**.

Den 10.02.2014 sendte Sykkylven kommune forespørsel pr. epost til fylkesmannen. Fylkesmannen stadfestet at avgjørelser om tildeling av ressurser til barnehagene ikke er å se på som enkeltvedtak med klagerett.

Barnehagens «Søknad om ekstra ressurs» datert 07.11.2013 er fremlagt. Videre er fremlagt sak nr. 3/14 om «Reduksjon i stillingar – styrka barnehage tilbud våren 2014».

Samme dato som kontrollutvalgssekretariatets brev, 19.05.2014, er det datert et saksnotat til **formannskapet** der bl.a. den aktuelle eleven i nærværende sak er nevnt. Av forhistorien er det imidlertid kun nevnt at «Rektor fekk 07.05.14 ein formell søknad frå mor om assistent til eleven...»

Mens kommunens beslutninger om prioriteringer i forhold til barnehage og skole synes godt ivarettat, så er den konkrete brukeren mindre omtalt. Rådmannen uttaler seg således relativt perifert om forholdet til tidligere saksbehandling samt forholdet til den private part. Svaret fra kommunen berører ikke rettighetsspørsmålet og hvordan dette er oppfulgt.

4. Foreløpige vurderinger

Kontrollutvalget sin oppgave er å undersøke, vurdere og påpeke mulige feil i kommunens håndtering, herunder saksbehandling, når det gjelder avsluttede avgjørelser som ikke er gjenstand for forvaltningsklage eller domstolsprøving.

Et alminnelig **utgangspunkt** vil være at kommunen har plikt til å gi rettidige, relevante og adekvate svar på henvendelser fra borgerne. Enhver forvaltningsgren forutsettes å ha den nødvendige kunnskap om det regelverk til enhver tid som enheten er satt til å forvalte.

I den konkrete saken ble rådmannens **svaret på en personlig søknad** fra mor som gjaldt et individuelt og dokumentert hjelpebehov gitt i form av et generelt brev til barnehagen om ressurstildeling. Det ble samtidig presisert at mor eller andre ikke hadde rett til å klage.

Mor klaget likevel, men heller ikke denne gang ble svaret sendt til den private parten. Og på samme måte som ved forrige svar sentrerte kommunens brev seg også nå rundt barnehagens ressurser. Svaret var derfor åpenbart ikke adekvat i forhold til den situasjonen klageren befant seg i. Forvaltningsorganet skal fvl. § 11a forberede og avgjøre en sak uten ugrunnet opphold. Det gikk her mer enn tre måneder før kommunen svarte og den private mottok ikke svar i det hele.

Etter forvaltningsloven § 11 har kommunen «innenfor sitt sakområde en alminnelig **veiledningsplikt**», uavhengig av om det pågår noen sak eller ikke. Formålet med veiledningen er «å gi parter og andre interesserte adgang til å vareta sitt tarv i bestemte saker på best mulig måte». Denne plikten synes kommunens koordinerende enhet å ha misligholdt.

Fordi det hele tiden hadde vært tale om en brukers krav på tjenester hadde Sykkylven kommune også en selvstendig **utrednings- og informasjonsplikt**, jfr. fvl. § 17. Det burde straks vært informert om foreldrenes rett til både individuell plan og koordinator og utredning satt i gang.

Vedtaket av 16.02.2014 om **individuell plan** kom etter nytt påtrykk fra mor. Vedtaket er ufullstendig og på noen punkter lite forståelig for en privat part og andre opplysninger helst også misvisende.

Saken avdekker svake eller fraværende rutiner for oversendelse av saker mellom etater, jfr. at dette i så fall er et klart brudd på intensjonene ved samhandlingsreformen.

Som følge av at det for lengst var dokumentert at det er oppstått behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstjenester, så har mor et **rettskrav** på å få utarbeidet individuell plan (IP) når vilkårene er oppfylt. At der foreligger rettskrav betyr bl.a. at den private rettigheter kan kreves gjennomført, om nødvendig ved domstolenes hjelp.

Kommunen hadde for lengst mottatt tilstrekkelig informasjon om å igangsette arbeidet med enten videre utredning eller utarbeiding av planen (IP) og tilby koordinator i kommunen og/eller foranledige dette fra spesialisthelsetjenesten.

Når slik informasjon er mottatt i kommunen ligger **hovedansvaret** for å utarbeide individuelle planer da i tjenesteapparatet, ikke hos brukeren selv, slik kommunens vedtak kan leses. Disse prinsippene er for øvrig tydeliggjort i nyere lovgivning i forbindelse med samhandlingsreformen. Brukeren har imidlertid rett til å delta aktivt i utarbeidelsen av planen.

Selv om den enkelte kommune kan ha ulike rutiner for melding/søknad om behov for IP og/eller koordinator, så er **rettighetene** til individuell plan IP og koordinator like i alle kommuner. Det var ingen grunn for Sykkylven kommune til å nedprioritere denne brukerens behov og varsler.

Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan IP og koordinator som ble vedtatt 16.12.2011 tydeliggjør kommunens ansvar for IP og brukerens rett til koordinator i kommune- og spesialisthelsetjenesten. **Koordinerende enhet** i Sykkylven ser i denne saken ikke ut til i tide å ha tatt påleggene i dette regelverket innover seg. Jeg har intet grunnlag for å uttale noe mer om hvorvidt her er forbedringspotensiale gjennom f.eks. enhetens organisering og/eller etterlevelse av gjeldende rutiner.

Klageren opplyser å ha blitt frarådet å engasjere seg, og at behovene hun beskrev og dokumenterte også er blitt trukket direkte i tvil. Undertegnede har ikke grunnlag for å uttale noe mer om dette. Men dersom slike personlige holdninger hos ulike kommunalt ledende ansatte skulle medføre riktighet, så synes det i kommunen å ha festnet seg en uheldig ukultur som også er lovstridig i forhold til de rettskrav som brukerne har.

Kjetil Kvammen
advokat



Sykkylven kommune
Rådmannen

Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
V/Harald Rogne
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Unntatt iht.: Offentleglova § 13 jf fvl § 13

Dykkar dato: 03.10.2014
Dykkar ref.:

Vår dato: 03.10.2014
Vår ref.: 2014/309-10551/2014
Klassering: 10040896762

Saksbeh.: Anita Kjersheim
Telefon: 70 24 65 53

Klage på kommunal saksbehandling- sak 22/14

- Individuelle plan og koordinator.

Viser til brev frå Kjetil Kvammen den 15.09.14- juridisk rådgivar.
Gut , født 2008 blei sjuk hausten 2013 og fekk diagnose stadfesta 14.11.13.

Koordinerandeining

Styrar i barnehagen tok kontakt med leiar i koordinerande eining den 24.10.13

«Hei

Vi trenger ekstra hjelp på grunn av «sjukdom» , sjukehuset har gitt beskjed om at dette vil vare over ein 4 års periode.

Føresette eller barnehagen vil gjerne snakke med deg. Har du høve i morgon?

Fint om du tek kontakt»

Leiar i koordinerande drøfta problemstillinga med rådgivar barnhage dagen etterpå. Det var opplyst om at det var styrar i barnehage, som måtte sende inn ein søknad om styrkingsressurs. Det vart tildelt styrkingsassistent i 100 % st. frå 14.11.14 tom 19.1.14. Vidare var det tildelt 67 % st. ut barnehageåret.

Rådgivar barnehage har tillegare sendt orientering om sakingen på tildeling av styrkingsassistent til kontrollutvalet.

I samband med skule start hausten 2014 vart det tildelt assistent i 100 % st.

Koordinerand eining deltok på første møte i ansvarsgruppa den 25.11.13. På dette møte vart det også opp nemnt koordinator.

Koordinerande eining har sidan november delteke på dei fleste møta i ansvarsgruppa. Leiar i koordinerande eining har forsøkt å vere med å rettleie og vere med å løyse dei problemstillingane som har kome opp på møta.

Hovudfokuset har vore å får til eit fagleg forsvarleg tilbod i barnehagen og seinare på skulen/SFO.

Ergoterapeut og fysioterapeut var tidleg inne i saka og hjelpte til med kartlegging og rettleiing. Det vart sett på ulike alternativ i barnehagen og heimen, som kunne betre livssituasjonen for guten.

Det var også på dette tidspunktet spurt om foreldra trengde noko hjelp i heimen. I samråd med mor var ein einige om at dette skulle avvente til ein fekk meir oversikt over situasjonen og hjelpebehovet.

Det er helseføretaket eller andre helsepersonell som i fl. lovverket har plikt til å melde ei sak om dei meina at koordinerande eining bør inn i. Forskrifta om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator § 18 (helseføretaket) og § 23 (helsepersonell).

Barnehagen tok kontakt på eit tidleg tidspunkt, for å få koordinert hjelpebehovet til denne familien pga. store endringar i livssituasjonen. Dei gjorde dette for å kunne koordinere og tenkje barnehagetilbodet inn i eit heilskapleg tenestetilbod for guten og familien.

Koordinerende eining har ei rettleiingsplikt i forhold til individuell plan, søknadar, informasjon om teneste tilbud som kommunen kan tilby. Det var informert om at ein kunne søkje BPA, støttekontakt, avlastning eller omsorgslønn. I tillegg søkje pleiepengar frå NAV.

I denne tidlege fasen (hausten 2013) var desse teneste tilboda ikkje aktuelle pga. at det var 1:1 oppdekking i barnehagen som var viktigast for barnet sin helsesituasjon.

Om familien meina at informasjonen og rettleinga har vore for dårleg ynskjer ein ta dette opp på kommande ansvarsgruppemøte den 16.10.14 for å få avklart vidare behov.

Det vert hevda at Sykkylven kommune manglar rutinar i saksbehandlinga.

Det er utarbeida prosedyre som skal sikre saksgangen frå ei melding er motteke i koordinerende eining med ansvarsfordeling. (vedlegg 1).

I tillegg er det utarbeida ei informasjonsbrosjyre kva koordinerende eining er og kva ein kan hjelpe til med (vedlegg 2).

Brot på intensjonane i samhandlingsreforma.

Det vert hevda frå advokaten at i denne saka er det eit klart brot på intensjonane i samhandlingsreforma.

Dei partane som har ytt teneste tilbud til denne guten i Sykkylven kommunen har deltek på ansvarsgruppemøte og kommunisert gjennom meldingar i den individuelle planen. Vi meina derfor at koordineringa av tenestetilbodet skulle vere ivareteke.

Ein har ikkje hatt direkte kontakta med sjukehuset, men det har vore mor som har stått for denne informasjonen til ansvarsgruppa. Dette vil vi gi tilbakemelding til aktuell avdeling at det ved seinare høve er ynskjeleg med ein betre dialog direkte mellom kommunen og sjukehuset.

Hovudfokus rundt denne guten har vore knytt opp til å avgrense og førebygge seinare skade og varig sjukdom. Det har vorte gjort gjennom tilrettelegging i barnehage/skule, opplæring av tilsette i barnehage/skule, tilpassing og søknad av ulike hjelpemiddel. Dette har vore ergoterapeut som har teke seg av desse oppgåvene i samråd med foreldra og tilsette i barnehage/skule.

I tillegg har fysioterapeut vore inne fast fleire gangar i veka med trening og rettleiing av personale i forhold til belastning og ulike øvelser.

Helsesøster var inne i forhold til samtaler med guten og rettleiing av personale i forhold till å fylje opp den psykososiale perspektivet. Dette i forhold til den psykiske belastninga det medfører å få ein alvorleg sjukdom som avgrensa han både sosialt og i leik med andre barn.

Det å prioritere førebyggjande tenester rundt barn er viktig. Dette meina vi at Sykkylven kommune har prioritert rundt dette barnet med oppdekking av assistent (barnehage og skule) og gjennom innleie av ergoterapeut.

Individuell plan

Rett til individuell plan er knytt opp til behovet om langvarige og tverrfaglege teneste § 16 i forskrift om habilitering og rehabilitering.

I brevet frå advokaten kjem det fram at foreldra ikkje er gitt noko opplysningar om individuell plan og reglane. I ettertid ser vi at dette kunne vore kommunisert klarare og meir skriftleg informasjon om individuell plan. Ein ynskjer å rette på dette og endre rutineane.

Det var i heimbesøk den 19.2.14 gitt opplæring og konkret informasjon om korleis ein kunne IKT-verktøyet (Sampro) og innhaldet i ein individuell plan.

Det var søkt om individuell plan den 16.2.14 og vedtaket vart fatta den 19.2.14. Det vart innhenta samtykke same dato som gjorde at oppstart med utarbeidinga av planen kunne settast i gong av alle deltakarane i planen.

Søknad om ergoterapi teneste.

Ergoterapiteneste er ikkje i lovpålagt teneste, men er viktig teneste for å oppfylle andre lovpålagte teneste. I denne situasjonen var det også eit behov ut for eit førebyggjande perspektiv, for å kunne hindre evt skader og seinare sjukdom.

Sykkylven kommune har ikkje tilsett fast ergoterapeut. I denne spesielle situasjonen valte ein derfor å gjere avtale med ein privat ergoterapeut.

Fordi Sykkylven kommune ikkje har fast ergoterapeut oppstod det dessverre organisatoriske utfordringar knytt til avklaringar og ansvar ved innleie av ergoterapi timar. Dette arbeider vi med å vil få på plass innan kort tid.

Det var gitt tilsegn på bruk av inntil 20 timar med ergoterapeut i første omgang av einingsleiar Barn - og familietenestene til søknadar på hjelpemiddel med tilpassing i barnehage og heimen (hausten 2013).

Den 12.3. 14 var det meldt eit nytt behov om 25 timar i samband med overgangen til skule.

Denne søknaden var journalført i vårt saksbehandlingssystem den 18.3.14. Det vart sendt forvaltningsmelding til mor den 4.4.14 med underretting av avtale om bruk av inntil 25 timar.

Sykkylven kommune haldt seg derfor innan for svarfristen i Forvaltningslova på ein måned fvl. § 11.


Det er tillegg gitt tilsegn om bruk av ytlegerare 20 timar den 2.10.14 til i samband med tilpassing av skulemiljøet, heimemiljøet og rettleiing av assistent i skule m.m.

Vi har ein fleire referat frå ulike møter, vedtak, meldingar i den individuelle planen og e-post som kan sendast om samtykke for foreldra vert innhenta.

Med helsing



Anita Kjerheim
saksbehandlar koordinerende eining.

 SYKKYLVEN	Prosedyre for arbeidsoppgåver for koordinerende team i Sykkylven kommune	Side 1
Utgåve nr: 1	Godkjent av:	Dato: 5.12.2013


Føremål: Sikre ansvarsfordeling av tildeling av koordinerende teneste

Omfang: Ulike tenesteytarar i Sykkylven kommune


Ansvar for prosedyren: Koordinerende eining.

Tiltak /handling:

Kva	Kven	
Melding til koordinerandeeining. Bruker eige meldeskjema eller søknadsskjema om teneste frå helse og omsorg. Melding/ søknad om at brukar ynskjer koordinator og / eller individuellplan til koordinerandeeining.	Tenesteytar som først kjem i kontakt med brukar, eller brukar sjølv	
Peike ut koordinator i samhandling med brukar og gjennom dialog med einingsleiar på aktuell tenestestad.	Koordinerende eining	
Koordinator vært førespurt om å ta på seg oppgåva	Leiar koordinerende eining evt einingsleiar.	
Koordinator vert introdusert for brukar, dersom det er behov.	Leiar for brukarkoordinator	
Avtale første møte med brukar og/eller pårørande	Koordinator	
Avklare koordinator sine behov for avklaring og rettleiing	Leiar for koordinerende eining	
Innhente samtykke og avklare brukar sitt behov for koordinering og samordning. Bruk eige samtykkeskjema som skal sendast tilbake til koordinerende eining og skannas i EPhorthe. (eiga mappe).	Koordinator	
Sende melding/vedtak til brukar om IP, val av koordinator. Medverke til oppstart av individuellplan / gir tilgang i Sampro	Leiar koordinerende eining.	
Sykkylven kommune	KVALITETSSYSTEM: Koordinerende eining	Filnamn

 SYKKYLVEN	Prosedyre for arbeidsoppgåver for koordinerende team i Sykkylven kommune	Side 1
Utgåve nr: 1	Godkjent av:	Dato: 5.12.2013

Leie planprosessen i nært samspel med brukar. IP skal vere grunnlag for koordinering og nyttast som eit samhandlingsverktøy.	Koordinator
Endre deltakar i planen etter samråd og samtykkje med brukar. Viktig at fylle ut nytt samtykke skjema ved endring av deltakar. Kalle inn og avvikle ansvarsgrupper der det er oppretta. Sørgje for at referat vert skreve i Sampro.	Koordinator
Dersom ynskje om vidare koordinering utan IP vert brukar følgt opp og nødvendig oppfølging blir samordna og avklart etter behov.	Koordinator
Kalle inn koordinator til rettleiing etter avtale. Delta i ansvarsgrupper for opplæring av brukar/pårørande eller andre deltakar.	Leiar koordinerende eining.



Adresse:

Koordinerende eining
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Kontaktperson:

Leiar: Anita Kjersheim Tlf. 91898753 / 7024
anita.kjersheim@sykkylven.kommune.no

Besøksadresse:

Rådhuset,
Kyrkjevegen 62.
6230 Sykkylven

Meir informasjon på Sykkylven kommune si heimeside:
www.sykkylven.kommune.no

KOORDINERANDE EINING



Kva er koordinerande eining?

- ❖ Etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 7 - 3, skal det vere ei koordinerande eining for habilitering og rehabiliteringsverksemda i kvar kommune.
- ❖ Denne eininga skal ha overordna ansvar for arbeidet med individuell plan, og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinator etter §§ 7-1 og 7-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.
- ❖ Koordinerande eining skal medverke til å sikre heilskapelege tilbod til pasientar og brukarar med samansette behov for tenester.

Målsetting for Koordinerande eining:

- ❖ Brukarar med behov for koordinerte tenester veit kvar dei skal vende seg for å få hjelp eller rettleiing.
- ❖ Brukarar med behov for koordinerte tenester opplever tenestetilbodet som samordna, koordinert og individuelt tilpassa.
- ❖ Brukarar med behov for koordinerte tenester opplever at det vert lagt vekt på brukarmedverknad, og at tiltak og tenester tek utgangspunkt i den einaskilde sine behov og ressursar .

Kva kan koordinerande eining hjelpe deg med?

- ❖ Hjelpe til med å sortere og gje rettleiing i høve til kva du kan ha rett på av tenestetilbod innan Sykkylven kommune.
- ❖ Hjelpe til å koordinere tenestetilbodet innanfor habilitering og rehabilitering.
- ❖ Ha oversikt over kva tenester som er tilgjengeleg i Sykkylven kommune og formidle kontakt med dei tenestene som er aktuelle .
- ❖ Utnemne koordinator i samråd med deg og med aktuelle tenesteområde.
- ❖ Stadfeste rett til individuell plan (IP) og medverke til at koordinator startar opp arbeidet med IP.
- ❖ Vere eit knutepunkt for samarbeid mellom kommunen og andre tenesteytarar.
- ❖ Leggje til rette for at du som brukar og pårørende skal oppleve å verte sett, høyrte og tekne på alvor.

Formålet med utarbeiding av ein individuell plan:

- ❖ å bidra til at tenestemottakaren får eit heilskapleg, samordna og individuelt tilpassa tenestetilbod, og sikre at det til ei kvar tid er ein tenesteytar som har hovudansvaret for oppfølginga av tenestemottakaren.
- ❖ å kartlegge tenestemottakaren sine mål, ressursar og behov for tenester på ulike område, samt vurdere og koordinere tiltak som kan bidra til å dekke tenestemottakarane sine behov for bistand.
- ❖ å styrke samhandlinga mellom tenesteytar og tenestemottakar og eventuelt pårørende, og mellom tenesteytar og etatar innan eitt forvaltningsnivå eller på tvers av forvaltningsnivåa.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 03.12.2014

SAK 37/14
DRØFTING AV MULIG OPPDRAG BASERT PÅ INNKOMNE DOKUMENT
VEDKOMANDE PERONALKONFLIKT I SYKKYLVEN KOMMUNE

Eg viser til utsendte dokument henta frå kommunen sitt arkiv. Det blir frå sekretariatet si side ikkje gjort saksbehandling før saka har vore gjennomdrøfta i kontrollutvalet.

Harald Rogne
dagleg leiar